

Ny runde for Nedre Halsabrotet

18.01.2013

Byggjesaka for Nedre Halsabrotet er inne i ein ny runde. Kommunen opplyser at søknaden om byggjestart ikkje oppfyller vilkåra til 3 vekers saksbehandling og difor vert det utvida saksbehandlingstid. Ein av innvendingane gjeld overvatn. Det heiter i eit tidlegare brev at det skal førast til bekkeinntak medan det i søknaden er oppgjeve at overvatnet skal førast til avløpssystemet, påpeikar saksbehandlaren.

Eit anna punkt er at teikningane lyt endeleg godkjennast av vassverket før byggjeløyve kan gjevast.

Opplysningar om dei ytre rammene er ikkje tilstrekkeleg opplyst når det gjeld bygningane,

Vidare synar utomhusplanen garasjar på nokre parkeringsplasssar. Hvis byggjing av desse medfører at bebygd areal vert større enn det reguleringsplanen gjev høve til, lyt det søkjast om dispensasjon eller mindre endring av planen.

Ein ytterlegare innvending er at det ikkje er lagt inn snusirkel for rullestol og at det nokre stader kan verta vanskeleg å få tilgjengeleg standard - til dømes bad og toalett. Her blir det peika på at universell standard skal leggjast til grunn og kommunen ynskjer tilbakemelding om dette før dei kan vurdere vidare behandling av saka.

Av Ola Matti Mathisen